

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland		15/568

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
31/2015	Formannskapet	PS	11.03.2015

Kryssing av E39 Flatøy, vatn- og avlaup

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vegvesenet er i full gang med å utvide vegen på Flatøy for å etablere midtdelarar. På sikt vert det også lagt opp til ein 4-feltsveg. I samband med dette er det viktig å sikre at nødvendig infrastruktur vert etablert, også under vegen.

Vurdering

Flatøy er heilt sentralt i den vidare utviklinga av Meland kommune. Utbygginga av Midtmarka kan på sikt auke folketalet på Flatøy med fleire tusen. Det er difor svært viktig for kommunen å sikre at vidare utbygging av vatn- og avlaupssystem er godt lagt til rette for. For å sikre dette kan kommunen vere med på fleire kryssingar der vegvesenet likevel skal krysse veg med overvassleidningar. Den meirkostnaden dette inneberer må Meland kommune dekke. Dersom kommunen let vere å krysse vegen med røyr for vatn- og avlaup vil det vere umogleg å gjere dette når vegen står ferdig.

Det er ikkje satt av øyremerka midlar til kryssing av E39 med vatn- og avlaup i budsjettet for 2015. Det er foreløpig ikkje endeleg avklart kva kostnader kryssingane vil få, men dette vil bli klart i løpet av nokre måneder. Administrasjonen meiner at kommunen kan gjere tiltaket utan å auke utgiftene innan sektoren ved å omdisponere midlar innanfor eksisterande ramme. Dette gjeld mellom anna midlar frå avlaupsanlegget på Eikeland som vil gå under budsjett. Dersom dette ikkje er tilstrekkeleg vil det vere aktuelt å utsette andre prosjekt som ikkje hastar like mykje.

Folkehelse og Miljø – Tiltaket vil føre til at det vert lagt nødvendig infrastruktur under E39 for å sikre folkehelse- og miljøomsyn innan vatn- og avlaupssektoren.

Økonomi – Tiltaket er økonomisk gunstig å gjere samtidig med Statens vegvesen sine tiltak på E39.

Konklusjon

Administrasjonen rår til at det bør omdisponerast midlar innanfor VA-budsjettet for å sikre nødvendig infrastruktur til vatn- og avlaup under E39 på Flatøy i samband med etablering midtdelarar. Administrasjonen meiner det er heilt nødvendig å gjennomføre tiltaket, for å sikre vassforsyninga og avlaupshandteringa i framtida. Tiltaket skulle i utgangspunktet vore teke inn i

framlegg til økonomiplan investeringar, men fall ut pga uklar kommunikasjon.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår til at det vert omdisponert midlar innanfor VA-budsjettet for å sikre at det vert bygd nødvendig infrastruktur under E39 for vatn og avlaup. Administrasjonen kjem tilbake med ny sak om tiltaket når kostnadene er kjent.

Formannskapet - 31/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Formannskapet rår til at det vert omdisponert midlar innanfor VA-budsjettet for å sikre at det vert bygd nødvendig infrastruktur under E39 for vatn og avlaup. Administrasjonen kjem tilbake med ny sak om tiltaket når kostnadene er kjent.